

DRIFTSVEDTEKTER FOR MOSMARKA BARNEHAGE

Vedtatt 29.05.2012, sist endret 29.03.22

§1. SAMARBEIDSUTVALET SI SAMANSETNING OG FUNKSJONSTID:

Samarbeidsutvalet består av to (2) medlemmar valde av og mellom dei tilsette, to (2) medlemmar valde av foreldra og to (2) representantar valde frå driftsstyret. Representantar for foreldra og for dei tilsette skal veljast for eit år av gongen. Samarbeidsutvalet vel sjølv leiar og nestleiar. Møte i samarbeidsutvalet skal haldast etter fastsett plan, og elles når leiar for samarbeidsutvalet eller styrar finn det naudsynt. Barnehagestyrar er sekretær for samarbeidsutvalet, og har møte-, tale- og forslagsrett. Samarbeidsutvalet er beslutningsdyktig dersom minst halvparten av medlemmane er til stades og minst to av gruppene representerte. Ved stemmelikskap har leiaren dobbelstemme.

§ 2 SAMARBEIDSUTVALET'S OPPGÅVER:

Samarbeidsutvalet sine oppgåver er fastsette i Barnehageleva. Samarbeidsutvalet skal:

- a. Vere eit samarbeidsorgan for foreldre, personale og eigarar, og ta opp spørsmål om innhald og kvalitet i barnhagen
- b. Sjå til at barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, årsmøtevedtak, vedtekter og budsjett.
- c. Fastsette studiedagar og ”ruta”, for barnehageåret elles.
- d. Uttale seg om forslag til endringar i vedtekter og personalinstruksar.
- e. Fastsette årsplan for barnehagen si verksemd.
- f. Samarbeidsutvalet kan be om foreldrerådet sitt syn i saker som blir sett på som viktige for foreldra.

§3 FORELDRERÅD:

I foreldrerådet er alle foreldre/føresette som har borna sine i barnehagen. Ved røysting kan kvar av foreldrepara gje ei (1) stemme for kvart born dei har i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heim og barnehage. Foreldrerådet kan be om å få seg førelagt saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Foreldrerådet har rett til å uttale seg i slike saker før avgjerd vert teken. Foreldrerådet bør ha eit arbeidsutval som administrerer arbeidet for foreldrerådet, kjem med framlegg til saker som er aktuelle å ta opp, fordeler arbeidet mellom foreldra osv. Arbeidsutvalet held møte nar det kjem fram aktuelle saker. Det første møtet om hausten vel foreldrerådet representantar med varamedlemmar til arbeidsutvalet. Foreldrerådet vel leiar for arbeidsutvalet. Leiaren i foreldrerådet skal vere ein av foreldrerepresentantane i barnehagen sitt samarbeidsutval. Foreldrerådet vel samstundes eventuelle andre representantar til samarbeidsutvalet. Foreldrerådet sine representantar i samarbeidsutvalet har plikt til å gjere samarbeidsutvalet kjend med foreldrerådet si verksemd. Møte i foreldrerådet skal haldast minst to (to) gonger i året. Første møtet kallar styraren inn til. Det skal førast møtebok.

§ 4 TEIEPLIKT:

Alle som arbeider etter Lov om Barnehagar har teieplikt etter § 13 i Forvaltningslova jfr. § 16 i Lov om Barnehagar. Dette gjeld alle tilsette i barnehagen og driftstyret.

§ 5 OPPTAK AV BORN:

Mosmarka Barnehage er open for born i alderen frå 0 år og fram til skulestart. Vi tilbyr kun 100% plassar. Barnehageåret startar måndag i veke 33 kvart år. Den som får plass får behalde plassen ut veke 32 det året dei skal byrje på skule. Det skal leggst til rette for tilvenningsperiode. Opptaket skjer i eit felles opptaksmøte for alle barnehagane i Ørsta Kommune. Barnehagen sin opptakskrets er primært Ørsta kommune.

Følgjande prioritering gjeld ved opptak:

1. Funksjonshemma born som, etter sakkunnig vurdering, har nytte av opphaldet og som har tilknytning til nærmiljøet.
2. Born med spesielle behov, som etter vurdering tilråding frå sakkunnig har nytte av opphaldet og som har tilknytning til nærmiljøet. Gjeld born med spesielle tilpassingsvanskar, eller som er i ein vanskeleg livssituasjon p.g.a. sjukdom eller andre tilhøve i heimen, samt omstende som ut ifrå ei totalvurdering gjev høg prioritet.

Til punkt 1 og 2 må det liggje ved ei vurdering/tilråding frå sakkunnig (t.d. lege, helsesøster, sosialkurator, PpT, logoped, fysioterapeut eller barnehage)

3. Born som har sysken i barnehagen.
4. Born som søker overføring frå andre barnehagar
5. Born som har eit år igjen til skulestart
6. Born som av andre grunnar treng barnehageplass.

Ved ledige plassar brukar ein ventelista som alle barnehagane i Ørsta kommune har felles.

§ 6 HELSE, SJUKDOM OG HYGIENISKE TILHØVE:

Når barnet får tildelt plass i barnehagen, skal dei føresette fylle ut erklæring om barnet si helse. Dette skal gjerast på fastsett skjema godkjent av helsestasjonen i kommunen. Sjuke barn må ikkje møte i barnehagen, og det er styrar som har øvste mynde til å bestemme om eit barn ein dag er for sjuk til å vere i barnehagen. Foreldra pliktar då å ta ut barnet til han / ho er frisk.

§ 7 OPNINGSTIDER:

Barnehagen skal ha ope kvar måndag til fredag frå kl. 07.00-16.45 heile året med unntak av jule- og nyttårsaftan, onsdag før påske og heilagdagane, og inntil fem(5) studie- og planleggingsdagar i året. Ved for seint henting av born vert det ilagt eit gebyr på kr. 100,- pr. påbyrja halvtime. Alle borna skal i løpet av barnehageåret ha fire veker ferie i perioden veke 25 – veke 32, helst samanhengande. I tillegg kjem dei fem tidlegare nemnde studie- og planleggingsdagane.

§ 8 FORELDREBETALING

Foreldrebetalinga blir fastsett av driftstyret med 11 betalingsmånader pr. år. For dei borna som skal starte på skule i august, vil det bli fakturert for august (ut veke 32) på juni fakturaen. Betalingsatsane følgje Stortinget vedtak om makspris iht. foreskrift om foreldrebetaling i barnehage. Foreldrebetalinga skal betalast forskotsvis den 1. i kvar månad. Ved manglande betaling kan plassen seiast opp med 14 dagars skriftleg varsel. Foreldre/føresette er likevel ansvarleg for foreldrebetaling, med mindre barnehagen får inn nytt barn i plassen.

§9 OPPSEIING AV PLASS:

Oppseiingstida er to månader rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Dersom plassen vert oppsagd etter 1. april, må det betalast for plassen ut barnehageåret.

§ 10 DUGNADSPLIKT:

Driftstyret er ansvarleg for innkalling til dugnad. Innkalling skal skje seinast ei veke før dugnad. Det vert ført lister over dugnadsoppmøte. Alle som ikkje møter pliktar å syte for vikar. Dugnadspliktige som ikkje møter må betale kr 500,- pr innkalla time. Krav vert utsendt etter kvar dugnad. Dersom rekninga etter dette likevel ikkje vert betalt, vert den send til inkasso, uavhengig av storleiken på beløpet. Dugnadsplikta vert fastsett på årsmøtet. Det er berre medlemmar av driftsstyre som er fritekne frå dugnadsplikt. Ikkje utført eller betalt dugnad er oppseiingsgrunn av barnehageplassen.

§ 11 AREALUTNYTTING:

Barnehagen skal ha eit netto innandørs leike-/opphaldsareal ut i frå gjeldande regelverk på minimum fire kvadratmeter pr born over 3 år og minimum fem kvadratmeter for born under 3 år.

§ 12 BEMANNING:

Barnehagen skal til ei kvar tid ha den bemanning som gjeldande lover/forskrifter krev for å drive ei tilfredstillande pedagogisk verksemd jfr. § 16 og 17 i Lov om Barnehagar.

§ 13 EKSKLUSJON:

Medlemmar som bryt vedtektene eller lovleg fatta årsmøte- og driftsstyrevedtak, skal første gong givast ei skriftleg åtvaring av driftsstyret. Ved gjentekne brot eller dersom brotet er særleg grovt, kan driftsstyre med alminneleg fleirtal (meir enn halvparten av stemmene) ekskludere medlemmen. Manglande eller sein foreldrebetaling er brot på barnehagen sine vedtekter, og går inn under dette punktet.